



Vassendgutane opnar låvedans-sesongen på Dønhaug også dette året. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Fredag 18. april opnar låvedans-sesongen på Dønhaug og Noregs mest populære band for tida, Vassendgutane, står for musikken. Same bandet opna også sesongen i 2007, med stappfullt hus og kjempestemning.**

Responser på årets arrangement er også svært stor, og dei aller fleste billettane er seld ut på førehand. Skulle det vera billettar att på fredag, vil desse bli lagt ut i porten.

Vassendgutane vart starta i 1996, og var tufta på litt galskap og aller mest moro. I skrivande stund er det eit faktum at Vassendgutane er det leiande bandet i sin genre i Norge både når det gjeld pumlikumsoppmøte og stemning på konsertane sine.

Vassendgutane turnerar i dag over heile landet med smekkkfulle hus. Ein kveld med dette bandet er absolutt verd å ta med seg; med god melodios musikk, gode tekstar, framført på nynorsk dialekt, forrykande framføring med eit nykomponert lysshow ein sjeldan har sett på norske konsertscener, og alt ei ekte speglede som berre må smitte over på eit feststemt publikum. Dette har vist seg å falla i god smak for folk i alle aldrar, anten dei er ute for å høyra god "Vassendmusikk" eller for å dansa.

Vassendgutane sin stil er på folkemunne blitt kalla "fest-country". Tekstar og melodiar er sjølvlagde, og dei fleste emne i songane deira er henta frå kvardag i det norske bygdelivet.

Vassendgutane har fleire CD-utgjevingar på samvitet, "Pylse og konjakk"(2000) og "Gi clutch" (2002) har begge seld til Gull, i tillegg har "Ungkar med dobbelseng" og "Live" DVD-en frå Rockefeller begge seld til platina. Deira aller siste CD blei sleppt for vi veke sidan, denne har fått tittelen "XO". Med denne utgjevinga vil bandet vidareføra "fest-country"-stilen som etter kvart er blitt varemerket deira.

Som vanleg kan gjestene gå 'fritt' mellom låven og kjedlaren. I kjedlaren står trubaduren Steinar Skjeggedal frå Odda (no busett i Haugesund) for musikken. Han er ein dyktig musikal, som framfører cover-låtar frå ulike genre; både pop, rock, blues og country.

Det vil og vera sal av grillmat.

Etter arrangementet vil det bli sett opp bussar både utover og innover i kommunen, i tillegg vil både taxiar og minibussar vera på plass.

Av Magne Huglen